

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.01.2022
SAKSHANDSAMAR: Veslemøy Hagalid Haug m. fleire
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per november og desember 2021**

ARKIVSAK: 2021/293
STYRESAK: **004/22**

STYREMØTE: **15.02.2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2021 til etterretning.

1. Kva saka gjeld

Rapporten presenterer rapportering frå verksemda per 31. desember 2021.

Grunna pandemien vil nokre av indikatorane knytt til kvalitet og aktivitet bli samanlikna med tilsvarande tal frå 2019.

Rekneskapen for 2021 er ikkje avslutta enno, måling av kostnadsvekst i samband med prioriteringsregelen og økonomi tala er difor rapportert per november.

2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

Målekort (Økonomi per november)

Målekort Helse Vest - desember 2021		Nasjonale mål	Denne periode			Hittil i år		
			Faktisk	Mål HV	Måloppnåelse	Faktisk	Mål HV	Måloppnåelse
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	62	50		65	50	
	Ventetid - VOP	45	42	40		41	40	
	Ventetid - BUP	40	50	35		47	35	
	Ventetid - TSB	35	30	30		26	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			11,10 %					
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer			76 %			77 %		
Korridorpasienter somatikk			1,50 %	0		0		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		13 236	13 196	0,3 %	161 979	152 958	5,9 %
	Dagopphold		4 984	5 152	-3,3 %	65 640	59 580	10,2 %
	Poliklinikk		106 080	103 315	2,7 %	1 331 993	1 206 159	10,4 %
Psykiatri	Døgnopphold		890	926	-3,9 %	9 344	9 352	-0,1 %
	Dagopphold		63	73	-13,7 %	892	971	-8,1 %
	Poliklinikk		36 320	35 727	1,7 %	488 695	459 248	6,4 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		117	119	-1,7 %	1 458	1 481	-1,6 %
	Dagopphold		0	5		15	39	-61,5 %
	Poliklinikk		6 703	7 583	-11,6 %	96 091	107 282	-10,4 %
Bemanning	Brutto månedersverk		24 242	23 620	2,6 %	24 073	23 420	2,8 %
	*Sykefravær	5,5 %	8,5 %	8,0 %		8,0 %	7,6 %	
Økonomi	Resultat		Regnskap 55 813	Budsjett 49 610	Avvik 6 203	Regnskap 668 237	Budsjett 595 893	Avvik 72 343

*Tal for sjukefravær er eit augeblikksbilde grunna etterslep på registreringa, og vil difor vere høgare i påfølgande rapporteringsmånadar.

Prioriteringsregelen

Ved måling av prioriteringsregelen er det nytta desembertal for måling av aktivitet og ventetider, medan måling av kostnadsvekst er basert på status per november då årsoppgeret ikkje er ferdig.

Helse Vest nådde ikkje målsettinga for ventetid for fagområda psykisk helsevern vaksne (PHV), barne- og ungdomspsykiatri (BUP), men klarte målsettinga innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) for desember isolert. For året under eit, var det berre TSB som nådde målsettinga for ventetider.

Mål for vekst i kostnader for 2021 er at det innan psykisk helsevern og TSB skal være ein vekst som er høgare enn 5,4%. Dette målet er eit resultat av at tilsvarande vekst for somatikk i 2019 var på 5,4%. Tala er målt per november.

Vekst i kostnader per november 2021 mot 2020	
Somatikk	6,14 %
VOP	3,14 %
BUP	9,28 %
TSB	5,91 %

Vekst i kostnader innan psykisk helsevern barn- og unge og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er per november i tråd med målsettinga i prioriteringsregelen. Når det gjeld psykisk helsevern vaksne er ikkje måla nådd. Helseføretaka har i sine budsjett tatt høgde for å innfri prioriteringsregelen.

Mål for aktivitet per desember er ikkje nådd for psykisk helsevern vaksne og TSB. For psykisk helsevern barn- og unge er Helse Vest samla førebels i tråd med måla i prioriteringsregelen.

Vekst i aktivitet per desember 2021 mot 2020	
Tal polikliniske konsultasjonar somatikk	10,2 %
Tal polikliniske konsultasjonar PHV	3,7 %
Tal polikliniske konsultasjonar BUP	13,2 %
Tal polikliniske konsultasjonar TSB	-10,4 %

*Tal frå datavarehuset. Ikkje inkl. ideelle sjukehus og tala samsvarer difor ikkje heilt med målekortet.

Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for “behandling starta” for alle fagområde var 61 dagar i desember. Dette er ein nedgang på nær 4 dagar frå førre månad, men om lag 2,5 dagar høgare enn gjennomsnittet for desember 2020. Ventetidstrenden snudde som forventa i september og nedgangen i ventetid har halde svakt fram i november og desember. For pasientar som framleis ventar på behandling var det samla sett ei auke i dei gjennomsnittlege ventetidene. I desember er både ventetider og fristbrot påverka noko lågare elektiv aktivitet grunna pandemien og avvikling av fritid/ferie. Framover vil pandemien og konsekvensane den kan få for elektiv verksemd kunne påverke ventetider og fristbrot. Ventetida for behandling starta gikk ned innan somatikken, medan det var ei auke innan dei tre andre fagområda den siste månaden. Det er eit pågåande omfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktane som blir utsett som følgje av pandemien. Helseføretaka er i gang med fleire tiltak for å handtere pasientar på venteliste, inkludert pasientar som allereie er i eit forløp (vidare kontroll- og oppfølging eller planlagt elektiv aktivitet).

Innan somatikk var ventetida i desember på 62 dagar, noko som er lågare enn i november, men nær 2 dagar høgare enn gjennomsnittet for desember 2020. Alle dei fire helseføretaka

hadde ei gjennomsnittleg ventetid som var høgare enn det regionale målet på 50 dagar. Den lågaste ventetida finn ein i Helse Bergen HF med 59 dagar.

Innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) var ventetida i desember om lag 42 dagar i gjennomsnitt, noko som er ei lita auke frå førre månad. Dette er og kring 6 dagar høgare gjennomsnitt i same månad i 2020, og utanfor målkravet på 40 dagar. Av dei fire helseføretaka var det berre Helse Førde HF (33 dagar) som hadde ei gjennomsnittleg ventetid under 40 dagar for dei som starta behandling i desember.

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var ventetidene i desember om lag 50 dagar, noko som framleis er eit godt stykke unna målet om 35 dagar. I desember hadde Helse Bergen ei gjennomsnittleg ventetid på 35 dagar, medan dei tre andre HF-a låg høgare. Til samanlikning var den samla gjennomsnittlege ventetida i desember 2020 på om lag 32 dagar. Det har vært ei auke i tal tilvisingar til BUP sidan hausten 2020.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var ventetida for helseføretaka 30 dagar i desember, noko som er identisk med det regionale målet på 30 dagar.

Prosentdelen fristbrot for dei som har fått starta helsehjelpa var på sitt høgaste i mai 2020, med ein prosentdel på 12 %. Derfrå gjekk prosentdelen ned i fleire påfølgjande månader, og var nede på 4,2 % i desember 2020. Fram til juli 2021 har prosentdelen fristbrot heldt seg stabilt kring 5- 6 %, for så å stiga litt igjen. I desember 2021 gjekk prosentdelen ned til 5,5 %. Prosentdelen ventande med fristbrot har gått gradvis ned frå 6,6 % i august 2021 til 4,5 % i november, men steig til 5,8 % i desember, noko som kan tyde på eit etterslep i samband med ferieavvikling. Som tidlegare rapportert er det framleis ein del variasjon i prosentdelen fristbrot for behandling starta mellom helseføretaka, og i desember varierer delen frå 3 % til 10 %. Kring 99 % av alle fristbrota har funne stad innan somatikk.

Pasientbestemte utsettingar og medisinsk grunna utsettingar blir ikkje registrert som fristbrot. I dei tilfella der helseføretaka utsett utgreiing og behandling på grunn av kapasitet/prioritering/beredskapsarbeid, blir dette registrert som fristbrot dersom fristdato er overskriden.

Ein gjennomgang viser at trenden for langtidsventande (>365 dagar) i hovudsak har peikt nedover sidan oktober 2020 (593 langtidsventande), og talet ved utgangen av desember 2021 var 211 langtidsventande. Arbeidet med å redusere dette held fram.

Kreftbehandling

Det er stilt krav om at minimum 70% av alle kreftpasientar skal være meldt inn og registrert i pakkeforløp kreft. Helse Vest har stabilt god måloppnåing for dette kravet, og når 83% i desember månad.

Samla resultat for gjennomføring av pakkeforløp i Helse Vest er i desember på 76%. Dette er same resultat som for november måned, og godt over målet på 70%. For heile 2021 har Helse Vest eit resultat på 77%. Helse Vest ligg best an samanlikna med dei andre regionane både i desember, og året sett under eitt.

I løpet av 2021 har vi sett ei utvikling mot mindre variasjon i resultat mellom forløpa. Dette er svært positivt. Vi ser ei betring i pakkeforløp nyre for alle føretaka, men i Helse Førde og Helse Fonna er det stor variasjon i resultat for dette forløpet. Dei når ikkje målet i desember, men for siste kvartal ligg det godt over målet. I 2021 har vi sett ein jamn tendens til betring av resultatata i pakkeforløp for brystkreft. Årsaka til dette skuldast i stor grad betring av resultatata hos Helse Bergen. Helse Førde og Helse Fonna har stor variasjon i resultatata for pakkeforløp brystkreft, men har ei positiv utvikling i desember og ligg langt over kravet på 70%.

Tabellen under viser ei utvikling av resultatet for heile regionen fram til og med desember 2021, og rangerer forløpa målt i talet på forløp. I tillegg er resultatata vekta.


Vektet gj.snittlig måloppnåelse for Helse Vest RHF: OF4 - Tid fra start pakkeforløp til start behandling

Tidsperiode Pakkeforløp	2020			Første kvartal, 2021			Andre kvartal, 2021			Tredje kvartal, 2021			Fjerde kvartal, 2021		
	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF
Prostatakreft	68 %	859	34% - 94%	78 %	234	15% - 100%	76 %	204	26% - 88%	65 %	221	46% - 100%	71 %	183	36% - 100%
Brystkreft	65 %	781	0% - 73%	59 %	211	41% - 72%	69 %	248	56% - 100%	75 %	182	53% - 82%	75 %	240	56% - 78%
Tykk- og endetarmskreft	74 %	772	60% - 87%	75 %	206	62% - 95%	73 %	215	56% - 86%	72 %	184	56% - 89%	72 %	175	51% - 92%
Malignt melanom	86 %	733	75% - 97%	91 %	184	80% - 100%	87 %	211	67% - 90%	93 %	247	92% - 100%	86 %	141	68% - 100%
Lungekreft	71 %	484	61% - 86%	73 %	124	33% - 90%	70 %	135	48% - 100%	73 %	160	62% - 81%	74 %	144	64% - 100%
Blærekreft	91 %	328	86% - 97%	96 %	100	90% - 100%	95 %	84	86% - 100%	86 %	88	69% - 100%	89 %	85	77% - 100%
Lymfomer	67 %	153	47% - 100%	72 %	50	40% - 80%	83 %	54	75% - 100%	69 %	45	54% - 100%	66 %	41	57% - 100%
Hode- halskreft	70 %	167	50% - 93%	58 %	36	38% - 67%	50 %	40	20% - 61%	79 %	38	0% - 85%	75 %	53	50% - 100%
Nyrekreft	67 %	148	0% - 77%	73 %	48	50% - 100%	73 %	41	60% - 76%	68 %	34	60% - 73%	80 %	46	74% - 100%
Livmorkreft (endometrie)	77 %	148	44% - 88%	83 %	42	82% - 88%	89 %	37	67% - 100%	87 %	38	75% - 100%	73 %	37	25% - 90%
Eggstokkreft (ovarial)	89 %	122	80% - 100%	92 %	26	75% - 100%	92 %	26	85% - 100%	86 %	35	75% - 100%	80 %	30	75% - 100%
Bukspyttkjertelkreft	72 %	100	20% - 79%	82 %	28	50% - 100%	77 %	22	50% - 100%	83 %	36	75% - 100%	79 %	29	50% - 100%
Kreft i spiserør og magesekk	83 %	114	69% - 88%	86 %	22	67% - 100%	74 %	23	50% - 100%	94 %	33	83% - 100%	91 %	22	75% - 100%
Hjernekreft	87 %	62	67% - 100%	88 %	17	0% - 100%	93 %	14	75% - 100%	88 %	16	75% - 100%	85 %	13	75% - 100%
Livmorhalskreft (cervix)	68 %	59	50% - 71%	41 %	17	33% - 50%	71 %	17	43% - 100%	60 %	10	25% - 83%	80 %	15	50% - 100%
Skjoldbruskkjertelkreft	45 %	49	33% - 100%	53 %	17	0% - 75%	32 %	19	0% - 42%	38 %	21	0% - 50%	100 %	9	100% - 100%
Myelomatose	81 %	59	67% - 100%	100 %	10	100% - 100%	88 %	17	50% - 100%	68 %	19	33% - 100%	78 %	9	75% - 100%
Testikkelkreft	59 %	56	0% - 100%	47 %	15	17% - 100%	71 %	14	63% - 100%	67 %	12	0% - 100%	77 %	13	50% - 100%
Sarkom	77 %	47	0% - 100%	80 %	10	80% - 80%	83 %	6	83% - 83%	83 %	12	83% - 83%	50 %	4	50% - 50%
Kreft hos barn	89 %	36	86% - 91%	33 %	6	0% - 100%	80 %	5	0% - 100%	85 %	13	75% - 100%	100 %	9	100% - 100%
Galleveiskreft	81 %	27	0% - 100%	100 %	5	100% - 100%	100 %	5	100% - 100%	89 %	9	75% - 100%	100 %	6	100% - 100%
Nevroendokrine svulster	94 %	17	93% - 100%	100 %	5	100% - 100%	50 %	6	50% - 50%	86 %	7	80% - 100%	90 %	10	86% - 100%
Peniskreft	76 %	17	0% - 100%	100 %	2	100% - 100%	100 %	7	100% - 100%	50 %	6	50% - 50%	82 %	11	0% - 90%
Primær leverkreft (HCC)	19 %	16	0% - 25%	0 %	1	0% - 0%	70 %	10	33% - 86%	50 %	4	50% - 50%	0 %	1	0% - 0%

Indikatorverdien er samlet for hele Helse Vest RHF, beregnet på bakgrunn av indikatorverdiene for hvert HF (Haraldsplass, Bergen, Fonna, Førde, Stavanger, "Privat Vest HF"). "Ant." er totalt antall pasienter aktuelle for valgt indikator (indikatorens nevner). "Var. HF" viser indikatorverdien for HFet med lavest måloppnåelse og indikatorverdien for HFet med høyest måloppnåelse.

Aktivitet

Figuren under viser den samla utviklinga i tal sjukehusopphald (døgn- og dagopphald) og polikliniske konsultasjonar per måned i 2019, 2020 og 2021. Veksten i 2021 er i all hovudsak innan poliklinisk behandling. Og i desember 2021 var den samla aktiviteten høgare enn i same måned dei to føregåande åra.



Somatikk

Per desember 2021 var den samla aktiviteten hittil i år (døgn, dag og poliklinikk) 7,4 % høgare enn til same tid i 2019. Ser ein på aktiviteten per omsorgsområde samanlikna med 2019 så er aktivitetsutviklinga -1,8 % for døgnopphald, -0,2 % for dagopphald og 9,1 % for polikliniske konsultasjonar. Bruken av telefon- og videokonsultasjonar har bidrege til at nedgangen er mindre på poliklinikkane.

I desember 2021 isolert var den polikliniske aktiviteten heile 15,4 % høgare enn i desember 2019, 0,1 % høgare for dagbehandling og -0,6 % lågare for døgnopphald.

Psykisk helsevern

I psykisk helsevern for vaksne var aktivitetsnivået per desember 2021 -5,4 % lågare for døgnbehandling, og -2,0 % lågare for poliklinisk aktivitet enn i 2019.

I psykisk helsevern for barn og unge er behandlinga i all hovudsak poliklinisk. Per desember 2021 var det polikliniske aktivitetsnivået 13,4 % høgare enn i 2019. Sjølv om talet pasientar

er lågt, så er talet utskrivne etter døgnbehandling innan BUP prosentvis markant høgare enn i 2019 og 2020.

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per november -2,2 % lågare for døgnbehandling og 3,0 % høgare for poliklinisk aktivitet enn per november 2019.


TSB

Per desember 2021 var den polikliniske aktiviteten innan TSB i føretaka -5,3 % lågare enn i 2019. Når det gjeld døgnbehandlinga så var aktiviteten heile 31 % høgare (verksemdoverdraging av Bergensklinikkene til Helse Bergen HF i desember 2019 påverkar tala).

Sjukefråvær

Per desember 2021 var det samla sjukefråværet for heile føretaksgruppa Helse Vest på 8,53 %. Akkurat no er det viktig å følgje opp kor mange medarbeidarar som ikkje er på jobb grunna ulike årsaker. Dei siste vekene har svært mange medarbeidarar vært heime frå jobb. Talet har variert opp til om lag 2 500 medarbeidarar per dag, av ulike fråværsgrunner.

Utvikling over tid for sjukefråværsprosent i desember:



Talet på medarbeidarar i karantene har gått noko ned frå desember til januar. Helseføretaka har stort fokus på smitteverntiltak. Det er stort fokus på vaksinerings av tredje dose til alle medarbeidarar i føretaksgruppa. Helse Vest får no eit tilstrekkeleg tal vaksiner til å vaksinere alle medarbeidarar. Om lag 76 % av alle medarbeidarar i føretaksgruppa Helse Vest har fått tredje dose.

Målet er å få vaksinert flest mogleg raskast mogleg. Intervall mellom andre og tredje dose er redusert til 4,5 månader noko som medfører at dette nok vil strekke seg ut på nyåret. Helseføretaka vil arbeide for å få flest mogleg medarbeidarar vaksinert så raskt som mogleg. Mange medarbeidarar har fått tilbod om vaksine gjennom kommunane. Det er lagt til rette for at medarbeidarar frivillig kan registrera vaksinasjon i arbeidsplansystemet, (opplyst samtykke) slik at leiaren kan ha oversikt over kven som er vaksinert. Dette er drøfta med

konserntillitsvalde og konsernhovudverneombodet i Helse Vest RHF. Helse Førde og Helse Fonna har nytta seg av denne løysinga.

HMS/kvalitet

Per desember 2021 vart det registrert 779 sakstypar på HMS. Ikkje alle sakene er ferdig kategoriserte, så tal saker som endeleg blir fordelt til HMS området kommer fram etter kvart som dei er kategorisert *på type* hending. Per desember 2020 var 745 saker klassifisert "hendelsestype" HMS. HMS er ein fast sak i månadlege PO-direktørmøter med føretaka.

Per desember 2021 er 9 639 kategorisert på HMS-saker, og av desse er 2 340 kategorisert på hendingstype *vald og truslar* og 217 er kategorisert på *trakassering mot tilsette*. Til samanlikning var 2 445 kategoriserte på hendingstype *vald og truslar* hittil per desember 2020.

Av desse sakene er det 228 truslar om drap, medan det var 280 i same periode i 2020. Truslar om vald hittil per desember 2021 er 380, medan det var 553 truslar om vald i same periode 2020. Det kan komme registreringar i ettertid, uavhengig av tal meldte hendingar.

"Uønskte hendingar – pasientrelatert samla" er per desember 2021 totalt 18 308. Det er 498 færre tilfelle samanlikna med same periode 2020. Meldte saker "*Ide til forbetring*" hittil per desember 2021 er 2 076. I same periode 2020 var det 2 430 meldte saker "*Ide til forbetring*".

Økonomi

Helseføretaka er ikkje ferdig med å avslutte rekneskapen for 2021 enno, og rapporteringa på økonomi vil denne gangen vere med basis i rapporteringa per november. Det vil bli gitt ein munnleg status på økonomien for 2021 i styremøtet.

Det samla resultatet for føretaksgruppa for november 2021 er på 55,8 mill. kroner. Det gjer eit positivt budsjettavvik på 6,2 mill. kroner. Hittil per november er resultatet på om lag 668,2 mill. kroner, og dette er 72,3 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Resultatet per november er som følgjer per føretak:

	November			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	13 062	12 083	978	71 899	132 917	- 61 018
Helse Fonna	- 29 572	2 833	- 32 405	- 66 450	31 167	- 97 617
Helse Bergen	33 783	12 500	21 283	140 782	137 500	3 282
Helse Førde	- 1 158	2 833	- 3 991	16 288	31 167	- 14 878
Sjukehusapoteka VEST	3 316	1 019	2 296	14 247	5 399	8 847
Helse Vest IKT	- 880	2 513	- 3 393	7 075	- 1 496	8 571
Helse Vest Morselskap	37 262	15 828	21 434	484 396	259 240	225 155
Til saman	55 813	49 610	6 203	668 237	595 893	72 343

Helse Stavanger rapporterer eit overskot på omlag 13,1 mill. kroner i november. Dette gjer eit positivt budsjettavvik på om lag 1 mill. kroner i november og –61 mill. kroner hittil i år.

Årsaka til det akkumulerte avviket er i hovudsak låge pasientrelaterte inntekter, samt auka vare- og lønskostnadar som mellom anna er knytt mot innleie frå byrå, anna variabel løn og medikament.

Helse Fonna rapporterer eit underskot på omlag –29,6 mill. kroner i november. Dette gjer eit negativt budsjettavvik på –32,4 mill. kroner i november og –97,6 mill. kroner hittil i år.

Underskotet er i stor grad knytt til auka vare- og lønskostnadar og reduserte pasientrelaterte inntekter. Auken i kostnadar er mellom anna på legemiddel og behandlingshjelpemiddel, samt variabel løn og innleie frå byrå.

Helse Bergen rapporterer eit overskot på om lag 33,8 mill. kroner i november. Dette gjer eit positivt budsjettavvik på 21,3 mill. kroner i november og eit positivt avvik hittil i år på 3,3 mill. kroner. Føretaket har ein buffer for mellom anna å kunne handtere konsekvensar av pandemien, samt ulike tiltak som endå ikkje er sett i verk.

Helse Førde rapporterer eit underskot på omlag –1,2 mill. kroner i november. Dette gjer eit negativt budsjettavvik på omlag –4 mill. kroner i november og –14,9 mill. kroner hittil i år. Underskotet er i stor grad personalkostnader, mellom anna variabel løn og innleie.

I budsjettoplegget for 2021 fekk Helse Vest RHF tildelt øyremerkte midlar på 398,4 mill. kroner relatert til handtering av økonomisk konsekvens av Covid-19. I styresakene 136/20 Inntektsfordeling og resultatkrav 2021 og 109/21 Fordeling av resterande midlar relatert til Covid 19 i 2021 blei desse midlane fordelt.

Helse Vest har og fått øyremerka midlar til kompensasjon for bortfall av aktivitetsbasert inntekt på kr 248 mill. kroner i 2021. Midlane er fordelt på helseføretaka, sjå styresak 069/21 Revidert nasjonalbudsjett 2021 – endring/tillegg i saka, samt styresak 109/21 Fordeling av resterande midlar relatert til Covid 19 i 2021 for meir detaljer. Her er ein tabell som viser fordelinga mellom føretaka:

Fordeling av øyremerka tilskot som kompensasjon for Covid-19 beredskap og bortfall av aktivitetsbasert inntekt								
	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass Diakonalesjukehus	Smitteverntiltak (Fordelt til helseføretaka)	Private aktørar	Totalt
Fordelt i sak 136/20	89 745	45 500	131 977	35 421	10 652	4 000	21 105	
Fordelt i sak 109/21	20 121	6 649	28 892	4 338				
Sum komp. Covid-19 beredskap	109 866	52 149	160 869	39 759	10 652	4 000	21 105	398 400
Fordelt i sak 068/21	81 419	32 348	62 228	19 612				
Fordelt i sak 109/21	15 601	8 710	22 401	5 682				
Sum komp. Bortfall aktivitetsbasert inntekt	97 020	41 058	84 629	25 294				248 000

Føretaksgruppa har no ei samla prognose på 842,1 mill. kroner, noko som er i tråd med eit normalnivå. Resultatprognosen for det enkelte føretak er vist i følgjande tabell:

	2021		
	Prognose	Budsjett	Avvik
Helse Stavanger	122 700	145 000	- 22 300
Helse Fonna	- 84 460	34 000	- 118 460
Helse Bergen	244 100	150 000	94 100
Helse Førde	20 500	34 000	- 13 500
Sjukehusapoteka VEST	12 700	7 000	5 700
Helse Vest IKT	5 583	995	4 588
Helse Vest Morselskap	520 971	150 000	370 971
Til saman	842 094	520 995	321 099

Hovudårsakene til det negative resultatet i Helse Fonna er at dei har hatt ein periode med låg aktivitet i samband med innflytting i nybygg og at dei har hatt vanskar med rekruttering av spesialistar og fagfolk i nokre fag. Det har ført til høge kostnader til overtid og innleie. Dei har og hatt ekstra høge kostnader i samband med pandemi og beredskap i desember.

I budsjettet til Helse Bergen for 2021 var det sett av midlar til ulike tiltak, prosjekt og forbetningsarbeid, og på grunn av usikkerheit på effekt og framdrift, er mye av dette periodisert til desember. Som følgje av pandemien er tiltaka utsett inntil vidare, og dei ubrukte midlane fører til eit positivt budsjettavvik i desember for Helse Bergen.

Helse Vest RHF har ei prognose for resultat i 2021 på 521,0 mill. kroner som er om lag 371 mill. kroner betre enn budsjett. Hovudårsaken til det positive resultatet skyldas reserve og ufordelte midlar på om lag 130 mill. kroner, lågare kostnad enn budsjettert til Norsk Pasientskadeerstatning (36 mill. kroner) og Luftambulansen (13 mill. kroner), samt positivt avvik på netto finansposter med 12 mill. kroner. I tillegg er positivt avvik relatert til kjøp av helsetenester, både offentlige og privat, på til saman 173 mill. kroner. Helse Vest RHF har dei siste to åra hatt eit resultatnivå mellom 430-580 mill. kroner. Budsjettoplegget frå tidlegare år er vidareført i 2021, og det gode resultatet er med å leggje til rette for å bidra til investeringsevna i foretaksgruppa.

Helseføretaka hadde i 2020 ein positiv økonomisk effekt som følgje av kompensasjon for utgifter relatert til pandemien og faktiske innrapporterte kostnader forbundet med Covid-19. Denne positive fordelene må sjåast opp mot resultatutviklinga for 2021. Dei økonomiske effektane frå 2020 er som følgjer:

Effekt fra 2020 som må sees opp mot 2021

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Private	RHF	SUM
Midler som må sees opp mot utvikling 2021	36 310	22 386	163 316	49 448	0	67 043	338 503

Desse positive fordelene må sjåast opp mot budsjettavvika som føretaka har i 2021, og dette gjeld spesielt dei negative avvika i Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde.

3. Administrerende direktør si vurdering

Helse Vest ser ut til å nå prioriteringsregelen når det gjeld økonomiske løyvingar til psykisk helsevern for barn- og unge og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Når det gjeld psykisk helsevern for vaksne er ikkje måla nådd. Helseføretaka har i sine budsjett tatt høgde for å innfri prioriteringsregelen. Når det gjeld aktivitet så er det berre psykisk helsevern for barn og unge som har ein høgare vekst i aktivitet enn somatisk helsevern.

Helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same månad i 2019 er det ein reduksjon i tal døgnopphald og dagopphald for somatikk på høvesvis 1,8 % og 0,2%. Tal ISF-konsultasjonar er 9,1 % høgare enn tilsvarande tal frå 2019 .

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per november 2,2 % lågare for døgnbehandling og 3 % høgare for poliklinisk aktivitet enn per november 2019. I psykisk helsevern for barn og unge, som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten høgare enn i same periode i 2019.

Den samla polikliniske aktiviteten i TSB er lågare enn same periode i fjor. Tal utskrivingar frå døgnbehandling er høgare enn tilsvarande tal frå 2019.

Ventetider (behandla) gikk ned innan somatikk medan det var ein auke innan dei tre andre fagområda den siste månaden.

Prosentdel fristbrot for dei som har fått starta helsehjelp gjekk frå 6,4 % i november til 5,5 % i desember. Variasjonen mellom føretaka er stor og nær 99% av fristbrota er innanfor somatikk.

Resultatet akkumulert per november viser eit positivt avvik i forhold til budsjettet. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å ligge rundt 842,1 mill. kroner.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar